

Reglar for tildeling av tid i Tokkehallen

- 1 Tid i hallen skal tingast hjå kulturkonsulenten.
- 2 Born og unge under 14 år har høgste prioritet til treningstider før kl. 2000. Dei yngste må få dei tidlegaste tidene.
- 3 Er det naturleg å samle dei største aktivitetane på faste dagar, bør det gjerast.
- 4 Så langt det er mogeleg må ein prøve å setje opp same treningstider i haust – og vårsemesteret.
- 5 All treningsaktivitet i hallen må vike når det er store arrangement, på kampdagar og cup`ar. Dette skal gjerast kjent så fort som råd, og seinast ei veke på førehand.
- 6 Typiske hallaktivitetar vert prioritert når Dalen får grusbane med flaumljos som fotballklubben kan bruke heile året.
- 7 Uteaktivitetar som ikkje er meldt inn til kulturkontoret får ikkje tildelt garderobe.
- 8 Terminliste skal leverast til kulturkontoret som så sender kopi til vaktmeister / tilsynsvakt.
- 9 Kontrollskjema over bruk av hallen skal vaktmeisteren levere til kulturkonsulenten i slutten av kvar månad.
- 10 Treningstid som ikkje vert nytta går til andre som har trong for meir tid, eller til nye aktivitetar, om særskild beskjed ikkje er gjeve til kulturkonsulenten.
- 11 Byting av tid med andre lag skal godkjennast av kulturkonsulenten. Ajourført timeliste for hallen skal sendast ut dersom endringane er store.
- 12 Klage på tildelt tid skal sendast kultur- og oppvekstutvalet. Utvalet delegerer avgjerdsretten til kultur- og oppvekstsjefen og leiaren i kultur- og oppvekstutvalet.

Vurdering skal skje på bakgrunn av:

- reglar for tildeling av tid i Tokkehallen
- søknad frå idrettslaget / gruppa
- skjema frå vaktmeisteren over oppmøte i førre sesong
- total tid til rådvelde i hallen
- kor mykje tid laga har søkt om til saman
- kor mykje tid det er søkt om til saman
- kor mykje tid det er søkt om per særgruppe/lag
- aktiviteten i særgruppa/laget
- tanken på rekruttering (særleg til dei største aktivitetane)
- omsynet til nye aktivitetar

(Korrigert: H. Samahle/ Kultur- og idrettskonsulent i april 2017)